



# Årsplan for Indre Hafslo oppvekstsenter 25/26



## Innhald

|                                              |    |
|----------------------------------------------|----|
| Innhald.....                                 | 1  |
| Kontaktinformasjon .....                     | 2  |
| Barnehage .....                              | 4  |
| <b>Seinhaust / vinter</b> .....              | 5  |
| SFO .....                                    | 5  |
| Skule .....                                  | 6  |
| Skule-, barnehagerute og merkedagar.....     | 7  |
| Kvalitet i barnehagen .....                  | 8  |
| Tradisjonar:.....                            | 9  |
| <b>Årshjul 2025-2026</b> .....               | 10 |
| Pedagogiske satsingsområde .....             | 13 |
| Trygt og godt barnehage- og skulemiljø ..... | 15 |
| Samarbeid med føresette.....                 | 16 |
| Reglar og forventningar .....                | 17 |
| Lenkje .....                                 | 17 |



Velkomen til eit nytt barnehage og skuleår ved Indre Hafslo oppvekstsenter.

Me gler oss til å ta imot borna og elevane, og til å samarbeide nært med dykk føresette gjennom året.

Indre Hafslo oppvekstsenter er ein stad der tryggleik, trivsel og meistring går hand i hand. Oppvekstsenteret omfattar barnehage, skule og SFO, og me arbeider for at alle barn skal få ein heilskapleg, inkluderande og utviklande kvardag frå oppstart i barnehage til ut barneskulen. Me ynskjer at borna skal kjenne seg trygge og verdsette, og vere motiverte til å utforske, lære og vere seg sjølv.

## **Visjonen vår er «Tryggleik og trivsel gir meistring og læring».**

Dette er meir enn eit slagord. Det er noko me arbeider etter kvar einaste dag. For oss handlar visjonen om å byggje gode relasjonar, skape føreseielege rammer og møte kvart barn med respekt og varme. Me ynskjer at borna skal bli sett og møtt med varme frå trygge vaksne, få kjenne på fellesskap og tilhøyrse, og oppleve meistring og utvikling i eige tempo.

Når borna kjenner seg trygge og trivst, legg det grunnlaget for nysgjerrigheit, læringsglede og god utvikling, både fagleg, sosialt og emosjonelt.

### **Kva me står for**

- Alle barn skal bli ønske velkomne og møte med omsorg kvar dag. Barna skal få vere aktive deltakarar og aktørar i eige liv og eiga læring.
- Me veit at relasjonar byggjer læring, og me legg stor vekt på å skape gode, stabile og tillitsfulle forhold mellom barn og vaksne.
- Me tek omsyn til ulike behov og føresetnader, og arbeider for å møte borna der dei er, med støtte, tilrettelegging og realistiske forventningar.
- Me ynskjer å skape trygge og samanhengande rammer i heile oppvekstløpet, frå toåring til sjuandeklassing.

Me gler oss til eit nytt år fylt med lek, læring, turar, utfordringar og utvikling, og til å dele denne reisa saman med borna og dykk føresette.


## **Kontaktinformasjon**

Me ynskjer at det skal vere lett for deg som føresett å kome i kontakt med dei vaksne som har ansvar for barnet ditt.

### **Leing ved Indre Hafslo oppvekstsenter**



**Randi Kvamme**  
**Assisterande leiar**



**Elling Bjarneson Venjum**  
**Leiar**

## **Mat og måltid:**

Barnehagen serverer frukt på føremiddag og knekkebrød og frukt på ettermiddag. Barna har drikkeflasker med vatn som dei drikk under frukta, og når dei er tørste.

Barnehagen har varm mat og bakar 4 gonger i månaden.

For å variere på ulike mattypar har vi laga ei liste på kva pålegg vi har på bordet dei ulike dagane. Grønnsaker, fisk og vatn har vi kvar dag.

Barnehagen og sfo følgjer anbefalingar for mat og måltid fra helsedirektoratet.

<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-barnehagen/anbefalinger-for-mat-og-maltider-i-barnehagen>

Rammeplan for barnehagen og sfo seier også noko om mat og helse:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/fagomrader/kropp-bevegelse-mat-helse/>

<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/innholdet-i-skolefritidsordningen/mat-og-maltidsglede/>

Barnehage og sfo har meldt seg inn i Matjungelen. Matjungelen er eit gratis og leikbasert aktivitetsprogram der barna får utforske mat som er bra både for kroppen og kloden. Matjungelen inneheld ei digital verktøykasse med aktivitetar, oppskrifter og inspirasjon til personalet. Gjennom leik og deltaking får barna lære om matglede, matkultur, naturens ressursar og berekraftig kosthald. Målet er å skape nysgjerrigheit og engasjement rundt mat og miljø, og gi barna ei matglad framtid som kan påverke matvalg for både kropp og klode.



<https://matjungelen.no/>

Det er laga ein rettleiar for mat og måltid i Luster kommune. Målet er å støtte barnehagane i arbeidet med å tilby barna eit sunt og balansert kosthald, og inspirere til gode vanar som kan vare resten av livet.



[Rettleiar for mat og måltid i barnehagane i Luster kommune](#)

## **Spesielle dagar og utstyr:**

- Turdagar, skidag og uteskule krev tilpassa klede og utstyr
- Me informerer om slike dagar i god tid via Visma skule/barnehage

## **Barnehage**

I barnehagen legg me vekt på ein trygg og føreseieleg dagsrytme som gir rom for lek, læring og kvile. Struktur og faste rutinar er viktig for å skape ein god barnehagekvardag for alle barn.

### **Døme på dagsrytme:**

En stor del av dagen i barnehagen består av faste gjeremål og kvardagslege aktivitetar. Daglege aktivitetar kjem til uttrykk i barnehagen sin dagsrytme. Her skjer mykje læring og samhandling mellom barn - vaksen og barn.

7.30 barnehagen opnar

7.30-8.15 Frukost/lek

9.30-9.45 Fukt

9.45-10.45 Aktivitetar/lek ute eller inne

11.00 Lunsj

11.30/45 Sove/kvilestund

12.15 Uteleik

14.00 Fukt

14.30-16.30 Uteleik/inneleik

16.30 Barnehagen stenger

### **Ein god start på dagen**

Mange barn tykkjer det er vanskeleg å komme i barnehagen når aktivitetar er starta eller det er midt i ryddetida. Barna vil gjerne bruke litt tid til lek før vi deler i grupper og startar aktivitetar. Derfor ber om at borna er levert i barnehagen seinast kl. 09.15, då dagens aktivitetar startar 09.30.

### **Klede og utstyr:**



|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Vår / haust</b><br>Klede i fin garderoben: <ul style="list-style-type: none"><li>• 2 bodyar</li><li>• 2 bukser</li><li>• 2 genserar</li><li>• 1 t-skjorte</li><li>• 1 shorts</li><li>• 2 par sokkar</li><li>• Joggesko eller sandalar</li></ul> Klede i grov garderoben: <ul style="list-style-type: none"><li>• Regnklede</li><li>• Tynn dress</li><li>• Lett jakke</li><li>• Tynn hue, caps eller solhatt</li><li>• Støvlar og joggesko</li></ul> | <b>Seinhaust / vinter</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Bytekle (i fingarderoben):<ul style="list-style-type: none"><li>• 2 varme bodyar</li><li>• 2 ullstillongs/strømpebukser</li><li>• 2 bukser</li><li>• 2 genserar</li><li>• 2 par ullsokkar (tynne og tjukke)</li></ul></li><li>• Utekle (i grovgarderoben):<ul style="list-style-type: none"><li>• 1 sett regnklede</li><li>• 1 vinterdress</li><li>• 2 ullsett eller fleecesett</li><li>• 1 par vintersko, cherrox</li><li>• 2 par vottar</li><li>• 2 huer</li><li>• 1 buff</li></ul></li></ul> |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

## SFO

SFO skal vere ein trygg og god stad med leik, kvile og enkle aktivitetar før og etter skuletid. Me ynskjer at borna opplever fellesskap og får delta i varierte aktivitetar

- Frileik ute og inne, samt høgtlesing, teikning, bygging m.m.
- Organiserte aktivitetar knytt mot periodeplanen.
- Enkle måltid (t.d. frukt, knekkebrød – spesifiser dersom aktuelt)

SFO skal vareta og møte behovet som barna har for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyrsele og anerkjenning. Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel og for utvikling av empati. I SFO skal kvart enkelt barn bli sett og få støtte til å utvikle empati og vise omsorg for andre. Barn skal både få omsorg og givast moglegheiter for å gi omsorg.



[www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/](http://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/)

SFO startar ettermiddagen med å stille opp utanfor sfo rommet. Det er roleg leik inne i SFO rommet eller leik ute/i gymsal avhengig tilpassa behov og sesong/vær. Elevane har laga bordkort som blir brukt der barna skal sitte under måltidet. Vi varierer med å servere graut, yougurt m/havregryn, knekkebrød/skorpor og skiver med pålegg, paprika og agurk. Til drikke er det vatn.



Ein dag i veka er vi i skogen. Tar med mat. Leik og aktivitet som sage, spikre, bygge hytte m.m.

Ulik formingsmateriell vil ligge framme og tilgjengeleg. Materialet vil variere litt etter årstider. Her kan barna lage ting sjølve, eller få idear fra oss vaksne.

Vi er ute mykje av tida på sfo. Vi brukar også gymsalen. Elevane på sfo likar godt å få vere i barnhagen og leike i sandkassen med yngre barn og å sykle. Nokre ettermiddagar har vi samarbeid med barnehagen der vi leikar saman. Dette er når barn/eleva ynskjer å vere saman.

### **Utstyr:**

Barna må ha innesko, skift, og klede etter vær, også i SFO-tida. Alt skal vere merka.

## **Skule**

Skulekvardagen er strukturert, men variert – med fokus på læring, aktivitet og fellesskap. Me har fysisk aktivitet, leik og læring kvar dag.

### **Undervisningstid og dagsrytme:**

Her kjem det meir.

### **Emnebasert undervising:**

- Undervisning i samsvar med gjeldande fag- og timefordeling
- Fysisk aktivitet er integrert i skulekvardagen, også utanom kroppsøving
- Me har felles samlingsstunder, tur dagar og tverrfaglege prosjekt

### **Digitale einingar og skjermtid:**

### **Uteskule og undervising utandørs:**

### **Mobiltelefon:**

Indre Hafslo oppvekstsenter er ein mobilfri skule. Det betyr at elevane må legge igjen mobiltelefonar heime, sjølv på aktivitetar i regi av skule og FAU på kveldstid.



## Skule-, barnehagerute og merkedagar

Referere til kommunale skule- og barnehageruter.

Kort om komprimering av skuleåret og planleggingsdager for skulen. Desse blir delt i eiga skriv i Visma og på heimstaden vår kvart år.

### Eit år i periodar:

Me brukar **Meistrelivet.no** som ein del av arbeidet med periodane i skule og barnehage. Dette er ei digital lærings- og refleksjonsressurs utvikla i regi av **Luster og Sogndal kommune**. På nettsida finn me ferdig utarbeida emne for kvar periode gjennom året, med fokus på helse, livsmeistring, relasjonar og trivsel. Emna er tilpassa både barnehage og skule og gir oss gode utgangspunkt for planlagde aktivitetar, refleksjon, diskusjon og læring som støttar borna si personlege og sosiale utvikling.

[www.meistrelivet.no](http://www.meistrelivet.no)





## Kvalitet i barnehagen

### Oppstart nytt barnehageår:

Viktig at barna blir kjent med voksne og barnehagen. Komme inn i nye rutinar, men også ta med seg trygge og gode rutinar frå heimen. Snakke dagleg med foreldre, og saman komme fram til gode løysingar for at barna skal bli trygge.

### Samlingsstund:

Samlingsstund er viktig for å legge eit felles grunnlag for leik og samspel. Felles opplevingar som å lese same bok, synge same songar, rim og reglar og eventyr og forteljingar kan styrke samhaldet mellom barna. I tillegg til det som er nemnt har vi leikar som kims leik, mitt skip er lasta med, ein elefant kom marsjerande, hokus og pokus for å nemne nokon. På Bruse introduserer dei også ulike enkle gåter.

### Lesing:

Barnehagen har bøker tilgjengeleg som barna kan sjå i sjølve eller lese saman med ein vaksen. Ved gruppedeling er det ei gruppe som har lesing som aktivitet 1-2 gonger i veka. Les bøker i samlingsstund og når de er tema som hjartesamling, brannveka m.m. I tillegg skal startar vi i haust opp med at de foreldre kan låne bøker fra biblioteket som ligg i ein kasse i garderoben.

### Dialogisk lesing:

To gonger i året har vi dialogisk lesing. Vi vel ut ei bok for kvar gang som vi jobbar med over ei tid.



<https://utdanningsforskning.no/artikler/2016/hva-er-egentlig-dialogisk-lesing-og-hvilken-effekt-har-det/>

## Vennskap

Vi har fokus på vennskap gjennom heile på barnehageåret . Dele barna i grupper etter alder og på tvers av alder. Syng sangar om vennskap, les bøker og brukar “steg for steg” og “livet og sånn” som arbeidsverktøy.

### Songsamling:

Her er begge avdelingane samla på ei avdeling. Ida K har med trekkspel eller fele som ho spelar medan vi syng. Ungane får komme fra og trekke ein sanglapp eller ein leike, dyr eller bilde. Som avslutning spelar Ida K medan avdelinga går inn til seg sjølv igjen.



## Førskuledag

Vi har førskuledag saman med 1.& 2.klasse. ca 3 samlingar der dei på skulen fra kl.10 – 12. Målet er å bli bedre kjent med dei vaksne på skulen, klasserommet og halde kontakten med elevane.

## Så frø

Barnehagen har tradisjon på å så solsikkefrø i zip posar med bomull, sukkererter, gulrot, poteter og blomster i plantekassar ute. Karse i mjølkekartongar lagar vi også til påske.

## Naturoppdraget:

Her får barnehagebarn oppleve naturglede i nærmiljøet. Barn og vaksne går turar og utforskar, oppdagar, sansar, leiker og lagar gjennom oppdrag og aktivitetar i naturen nær oss. Tema i naturoppdraget har vi lagt inn i årshjulet.



[www.naturoppdraget.no/nb/kare-krake](http://www.naturoppdraget.no/nb/kare-krake)

## Tradisjonar:

### Foreldrekaffi

To gonger i året invitere vi foreldre til saft, grove vafler eller anna mat. Mellom 14.30 og 16.15. Vi lagar ulike leikemiljø og foreldra leikar saman med ungane og finn seg mat etterkvart.

### Adventsamling saman med skulen:

Ein dag i veka i desember samlast skulen og barnehagen for å ha adventsamling. Barnehagen bakar Lucia bollar og deler ut til skulen når de er Lucia. Dei ulike klassane har kvar sin gong ansvar framsyning av sangar m.m

### Samling med kyrkjekontoret

Det kjem ofte 2 stk fra kyrkjekontoret og har samling med oss. Dei fortel historia om jesu fødsel og syng sangar. Dei har også med seg gitar eller trekksopelel.

### Julelunsj

Felles lunsj med skulen og barnehagen. Vi inviterer også dei som er blitt pensjonistar.

### Den samiske nasjonaldagen

Vi markerer dagen med varm mat der vi lagar bidos (lapskaus) og samisk brød (Gahkko).

### Karneval



Festdag der barn og vaksne kler seg ut etter tema eller fritt valg. Barna kan kle seg ut heime eller bruke utkleddningsklede som vi har i barnehagen.

## Fastelaven

Markerer fastelaven med å lage fastelavensris og fastelavensbollar

## Skidag på Heggmyrane

Skidag på Heggmyrane saman med skulen. Går i skiløypa og akar i bakken.

## Ruskedag

Denne dagen ryddar vi ute i skuret og vaskar/spyler alle leikene. Kastar det som er øydelagt. Kostar og spyler asfalten og golvet i skuret.

## Bjørnane fjelltur med skulen

På hausten og våren blir bjørnane med skulen på fjelltur. Det variere kor dei går.

## Bjørnane avslutning barnhagen

Bjørnane har eigen avslutning med mat, drikke, utdeling av rammer m/bilde og leik.

## Sommaravslutning for heile oppvekstsenteret

### 17.mai

Barnehagen markere 17.mai ved å ha ulike leikestasjonar som barna er innom i løpet av formiddagen.

## Årshjul 2025-2026

| MÅNAD                                                                                                | TEMA/AKTIVITET                                                                                                                                                                                                                                                                            | FERIE-<br>PLANLEGGING<br>SDAG |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------|
| <b>AUGUST</b><br> | <b>Opppstart nytt barnehageår 15.august</b><br><br>Tilvenningsdagar med foreldre<br>Bli kjent med barnehagen, avdelinga og rutinar<br>Dele i mindre leike grupper og vere saman med barn og vaksne<br>Bli kjent med dei nye rutinane<br>Hovudluskampanje (nasjonalt) siste helga i august | <b>13. og 14. august</b>      |
| <b>SEPTEMBER</b>                                                                                     | Tryggleik i rutinar, leik og aktivitetar<br>Brannvernveka                                                                                                                                                                                                                                 |                               |



|                                                                                                           |                                                                                                                                                                                                       |                                                                 |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------|
|                          | <p>Vennskap<br/>Observasjon av barn<br/>Hauste frå grønnsakshagen<br/>Bjørnane Vite meir besøk<br/>Songsamling<br/>Tema stein og mose (naturoppdraget)</p>                                            |                                                                 |
| <p><b>OKTOBER</b></p>    | <p>Sangsamling<br/>Foreldresamtale<br/>Foreldrekaffi<br/>FN dagen<br/>Tema vatn (naturoppdraget)</p>                                                                                                  | <p><b>Veke 41 skulen<br/>haustferie</b></p>                     |
| <p><b>NOVEMBER</b></p>                                                                                    | <p>Treet (naturoppdraget)<br/>Lage julegaver<br/>Lage adventskalendar<br/>Forberede til advent<br/>Besøk frå kyrkjekontoret<br/>Songsamling</p>                                                       | <p><b>Planleggingsdag<br/>7.november</b></p>                    |
| <p><b>DESEMBER</b></p>  | <p>Pynte avdelinga til advent.<br/>Adventsamling m/skulen<br/>På leit etter nissen<br/>Julelunsj for oppvekstsenteret<br/>Adventssamling i bhg<br/>Juleaktivitetar<br/>Samling med kyrkjekontoret</p> | <p><b>Siste skuledag før<br/>jul 19.12</b></p>                  |
| <p><b>JANUAR</b></p>   | <p>Fuglar<br/>Dialogisk lesing<br/>Gå på ski<br/>Spør og sporeikn<br/>Tema Vinter<br/>Songsamling</p>                                                                                                 | <p><b>Planleggingsdag 2.<br/>januar</b></p>                     |
| <p><b>FEBRUAR</b></p>  | <p>Det samiske nasjonaldagen 6.2<br/>Karneval<br/>Fastelaven<br/>gå på ski<br/>Ski dag m/skulen på Heggmyrane<br/>Songsamling</p>                                                                     | <p><b>Skulen vinterferie<br/>veke 8<br/>16.-20. februar</b></p> |
| <p><b>MARS</b></p>     | <p>Dialogisk lesing<br/>Påskeaktivitetar<br/>Foreldrekaffi<br/>Tema vår<br/>Songsamling</p>                                                                                                           |                                                                 |
| <p><b>APRIL</b></p>    | <p>Vår og planter og nytt liv<br/>Så frø<br/>Foreldresamtalar<br/>Ruskedag<br/>Førskuledag<br/>Besøk av politiet<br/>Songsamling</p>                                                                  | <p><b>Påskeferie:<br/>30.mars- 6.april</b></p>                  |



|                                                                                                  |                                                                                                                                                                                                                                             |                                      |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------|
| <b>MAI</b><br>  | Førskuledag<br>Tema vår og nytt liv<br>17.mai<br>Sykkeldag<br>Så frø<br>Songsamling                                                                                                                                                         | <b>Planleggingsdag<br/>5.juni</b>    |
| <b>JUNI</b><br> | Småkryp<br>Overgangssamtale skule/bhg 2018<br>Bjørnane fjelltur med skulen<br>Førskuledag<br>Markering av jonsok<br>Bjørnane avslutning barnehage<br>Sommarles med Maja<br>Sommaravslutning for heile oppvekstsenteret<br>Besøk av nye barn | <b>Siste skuledag<br/>19.juni</b>    |
| <b>JULI</b>     | Samarbeid mellom avdelingane.                                                                                                                                                                                                               | <b>Feriestengd veke<br/>29 og 30</b> |



## Pedagogiske satsingsområde

Ved Indre Hafslo oppvekstsenter har me eit langsiktig arbeid for å utvikle ein heilskapleg og samanhengande oppvekst for alle barn og elevar frå barnehage til skule. Våre tre overordna satsingsområde er:

1. **Undervisning ute og naturnær pedagogisk praksis**
2. **Lokal forankring og pedagogisk tilnærming med røter i bygda vår**
3. **Heilskapleg oppvekstløp – samanheng frå barnehage til skule**

### 1. Undervisning ute og naturnær praksis

Me ynskjer å ta i bruk naturen som læringsarena gjennom heile året. Barna og elevane skal få utforske, lære og sanse med heile kroppen i omgjevnader som gir meining og opplevingar. Dette gjeld både i barnehagen og i skulen, og legg grunnlaget for:

- fysisk aktivitet og variert sansemotorisk stimulering
- styrka sosialt samspel og samarbeid
- konkret læring i språk, naturfag, matematikk og estetiske fag

I barnehagen vert det jobba systematisk med utedagar og uteaktivitetar som del av kvardagen. Barna deltek i leik og utforsking i nærområdet, og personalet nyttar naturopplevingar som inngang til språkarbeid, matematikk og sosial læring.

I skulen har me delar av dagane ute fleire gonger i veka. Det kan vere tverrfaglege aktivitetar og prosjekt eller ordinær undervisning som nyttar naturen som klasserom. Elevane lærer gjennom aktivitet, observasjon og logging, og me bruker nærområdet og skogen aktivt som læringsrom.

### 2. Lokal forankring og pedagogisk tilnærming

Me ynskjer å gje barna og elevane ei sterk oppleving av tilhøyrsløp til staden dei veks opp i. Gjennom ein lokal pedagogisk tilnærming knyter me saman fag, kultur, historie og identitet. Dette inneber:

- å bruke nærmiljøet aktivt i læringa: bygda, fjorden, garden, næringslivet, historia
- å løfte fram lokale tradisjonar og årstidene sine særpreg i barnehage og skule
- å integrere praktisk og estetisk arbeid i undervisninga (mat, handverk, naturmateriale)



Denne tilnærminga gir meistring og samanheng i skulekvardagen, og gjer faginnhaldet meir relevant og levande.

### 3. Heilskapleg oppvekstløp

Me ynskjer å byggje ein raud tråd frå barnehage til skule, slik at alle barn opplever tryggleik, forutsigbarheit og progresjon i si utvikling. Dette arbeidet inneber:

- felles pedagogisk plattform for barnehage og skule, bygd på verdiane tryggleik, trivsel og meistring
- tett samarbeid mellom barnehage og småskulen med felles samlingar, leik og overgangsaktivitetar
- bruk av felles tema og trappemodell i periodeplanlegginga (Livet og sånn / Meistrelivet)
- kompetanseheving og refleksjon i felles personalgrupper

Me legg stor vekt på å byggje relasjonar som varar gjennom overgangen. Alle vaksne skal møte barna med same haldningar og forventningar, og det skal vere lett for både barn og føresette å kjenne seg att når barnet tek steget vidare.



## Trygt og godt barnehage- og skulemiljø

Alle barn og elevar har rett til å ha det trygt og godt i barnehagen og på skulen. Eit godt miljø er ein føresetnad for læring, utvikling og trivsel. Me arbeider førebyggjande kvar dag for å sikre eit inkluderande fellesskap og stoppe utestenging, krenking og mobbing så tidleg som mogleg.

### Felles mål:

- Alle barn og elevar skal kjenne seg trygge og inkluderte
- Ingen skal bli mobba, krenkt eller halden utanfor
- Dei vaksne har ansvar for å oppdage og gripe inn
- Barna og elevane skal vite kven dei kan snakke med
- Me skal ha eit miljø prega av respekt, ansvar og medverknad

### I barnehagen

Barnehagen skal fremje trivsel, livsglede, meistring og føreseielegheit. Alle barn skal oppleve å høyre til og bli møtt med omsorg og anerkjenning.

Me jobbar med:

- Sosial kompetanse i kvardagen (vente på tur, bruke språket, løysing av konflikhtar)
- Tydelege vaksne som er til stades i leik og støttar barna i samspel
- Systematisk observasjon av samspel og trivsel
- Faste strukturar og grupper som gir tryggleik
- Foreldresamarbeid for å fange opp tidlege bekymringar

Dersom eit barn ikkje har det trygt og godt, skal me:

- Ta det på alvor og undersøke
- Samtale med barnet og føresette
- Setje i gang tiltak og evaluere dei jamleg
- Dokumentere og følgje opp vidare

Barnehagen følgjer rammeplanen og barnehagelova §41 som slår fast at barn har rett til eit trygt og godt barnehagemiljø. Dersom ein føresett meiner at barnet ikkje har det bra, kan ein be barnehagen rette opp – og får rett til skriftleg svar.

### I skulen

Skulen har plikt til å jobbe aktivt, systematisk og kontinuerleg for eit trygt og inkluderande miljø. Dette inneber både førebygging og handtering av saker som oppstår.



Me jobbar med:

- Klassereglar og fellesskapsbygging i alle klassar
- Faste samtalar mellom kontaktlærar og elev (trivsel, relasjonar, medverknad)
- Sosialt arbeid i timeplan og morgonsamlingar
- Trivselsfremjande tiltak: lek, samlingar, fadderordning, elevstyrte aktivitetar
- Heilskapleg og rask oppfølging når det er mistanke om krenking, mobbing eller utanforskap.

**Elev og føresette kan:**

- Melde frå til kontaktlærar, rektor eller ein annan vaksen
- Få informasjon om rettar og kva skulen gjer
- Be om tiltak dersom eleven ikkje har det bra

Me ynskjer at elevar, føresette og tilsette samarbeider tett for å skape eit fellesskap der alle blir sette, tek del og får utvikle seg.

## Samarbeid med føresette

Me ynskjer eit nært og tillitsfullt samarbeid med dykk som føresette. Barn og elevar utviklar seg best når heimen og oppvekstsenteret drar i same retning, og når me kommuniserer opent og med felles mål.

**Våre prinsipp for samarbeid:**

- Føresette skal oppleve at dei er velkomne og viktige partnarar
- Informasjonen skal vere open, forståeleg og lett tilgjengeleg
- Samarbeidet skal ha barnet sitt beste som utgangspunkt
- Alle skal møtast med respekt, likeverd og profesjonalitet

**Kommunikasjon og kontakt**

Me nyttar Visma som vår hovudkanal for dagleg kontakt og informasjon. Her får du:

- meldingar frå tilsette
- informasjon om turar, møte og aktivitetar
- samtykkeskjema og skjema for fråvær/permisjon
- periodeplanar og oversikt over kvardagen

Me oppmodar alle om å ta kontakt tidleg dersom noko er uklart, eller dersom de har ei bekymring.



## Reglar og forventningar

Tryggleik, trivsel og læring krev at me har felles rammer og tydelege forventningar. Me legg vekt på å byggje eit miljø prega av respekt, ansvar og medverknad.

### I barnehagen

Barna lærer sosial kompetanse og gode vanar gjennom heile dagen. Me ynskjer at alle vore barn skal kunne

- syne omsorg, hjelpe kvarandre og vente på tur
- bruke språket i konfliktløyising
- kunne uttrykke kjensler og eigen grenser
- rydde opp etter seg og vere med å bidra i kvardagen

Dei vaksne er tydelege, varme og konsekvente. Me arbeidar førebyggjande med:

- faste rutinar og struktur
- observasjon og støtte i leik og samspel
- felles reglar i barnegruppa

Dersom noko skjer som bryt med tryggleik eller trivsel, tek me tak med ein gong og samarbeider med føresette ved behov.

## Lenkjer

|                                                            |                                                                |
|------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------|
| <a href="http://Luster.kommune.no">Luster.kommune.no</a>   | Barnehage- og skulerute, skjema, lenkjer og kontaktinfo        |
| <a href="http://udir.no/skolemiljo">udir.no/skolemiljo</a> | Rettar ved krenking og mobbing                                 |
| <a href="http://Livetogsann.no">Livetogsann.no</a>         | Emnebasert opplegg for barnehage, skule og føresette           |
| <a href="http://Meistrelivet.no">Meistrelivet.no</a>       | Sosial og emosjonell læring for barnehage, skule og føresette. |
| <a href="http://FHI.no">FHI.no</a>                         | Folkehelseinstituttet. Gode råd om sjukdom og helse.           |
|                                                            |                                                                |